

Det Kongelige Finansdepartementet
 Postboks 8008 Dep.

0030 OSLO

Melding om vedtak Eigedomsskatt på maskiner mv. i verk og bruk

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde i møte 17.08.2015 som saknummer 82/15 slikt vedtak slikt vedtak med 8 mot 1 røyst:

Sogn og Fjordane fylkeskommune går sterkt imot dei endringane som Finansdepartementet gjer framlegg om i høyringsutkast om eigedomsskattlegging av arbeidsmaskiner verk og bruk med vidare.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil på det sterkaste understreka at installasjonar som kraftlinjer, trafoar, vindkraftanlegg og teleinstallasjonar framleis skal definerast som faste installasjonar og såleis vera utskrivingskategori for eigedomsskatt og verdsetjast etter dei takseringsprinsipp som er gjeldane etter noverande rettspraksis.

Noverande ordning og eigedomsskattereglar for «verk og bruk» gjev mange kommunar i Sogn og Fjordane store inntekter kvart år. Ved seinare utbyggingar av vass- og vindkraft vil andre kommunar i fylket også få slike inntekter. Desse inntektene til kommunane betyr mykje for tenesteytingane til innbyggjarane i kommunane. Eit bortfall vil ha tilsvarande negativ effekt.

Å unnta slike faste installasjonar for eigedomsskatt er ikkje i samsvar med intensjonen med endringa, nemleg å auke verdiskapinga også for lokalsamfunna. Store areal og naturområde er stilt til disposisjon for omfattande anlegg, i hovudsak eigd av det offentlege. Eigedomsskatt på desse anlegga sikrar at kommunane får sin naturlege og rettkomne del av verdiskapinga. Å fjerne eigedomsskatt på denne typen anlegg vil bryte med etablerte og historiske ordningar for kompensasjon til kommunane. Det vil og gjere det lite attraktivt for kommunane å seie ja til framtidige anlegg av denne typen.

Prinsippet om fordeling av goda mellom storsamfunn og lokalsamfunn (såkalla "benefit-sharing") ved bruk av naturressursar er elles grundig nedfelt i norsk politikk gjennom lange tider.

Det er uforvarleg å endre dagens reglar for eigedomsskatt utan at eit lovutval på førehand vurderer og synleggjer dei økonomiske konsekvensane av dei ulike alternativa for endring. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar om at det vert sett ned eit slik lovutval. Det må vere ein føresetnad at kommunane sine interesser og erfaringar vert representert i utvalet.

Med helsing

 Knut Henning Grepstad
 sekretariatsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift